



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Råd for personar med funksjonsnedsetting	
	Tenesteutval for helse og omsorg	
	Tenesteutval for oppvekst og kultur	
	Ungdomsrådet	
	Eldreråd	

### Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028 til høyring

#### Samandrag:

Gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan går ut i 2024, og ny plan må bli vedtatt før kommunestyret skal behandle alle sals- og skjenkeløyva i kommunen på nytt i løpet av sommaren 2024.

Ei interkommunal arbeidsgruppe (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta) har utarbeidd eit utkast til ein ny handlingsplan.

Ny alkoholpolitisk handlingsplan inneholder hovudmåla for Volda kommune sin alkoholpolitikk, og kva tiltak som nyttast for å nå alkohollova sitt mål om å redusere tilgjenge til og forbruket av alkohol.

Planen vart sendt ut på høyring av formannskapet 07.05.24 slik at innbyggjarane og spesielle interessentar får kome med innspel til planen.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtok i sak PS 71/24 å sende alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028 ut på høyring.

Kommunedirektøren oppmodar råd og utval til å kome med innspel til planarbeidet.

## **Saksopplysningar:**

Kommunane har eit ansvar for å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk, innanfor alkohollova sine rammer. Som ein konsekvens av dette pliktar kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d. Planen skal reviderast i kvar kommunestyreperiode.

Eksisterande plan går ut i 2024 og ny plan må vedtakast før kommunestyret skal ta stilling til val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve i kommunen.

Gitte løyver løper maksimalt til 30. september året etter at nytt kommunestyre har tilrådt, jf. alkohollova § 1-6. Kommunestyret har då høve til å påverke korleis alkohol- og løyvepolitikken skal vere dei neste fire åra.

Utkast til ny alkoholpolitisk handlingsplan er omtalt i saksframlegget.

Ved inngangen til ny løyveperiode har kommunen mogelegheit til å vedta at eksisterande løyve ikkje skal opphøyre, men løpe vidare for ei periode på inntil fire år etter ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen.

Planen skal fastsette kommunen sin løyvepolitikk, som skal gjennomføre alkohollova sitt føremål om å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre.

Vedlagt saksframlegget ligg gjeldande plan og forslag til ny plan.

Gjeldande alkoholpolitiske handlingsplan er i stor grad føreslått vidareført.

## **Utvalde forslag til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan:**

### **4.1.2 - Skjenketider**

Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider om utkast til alkoholpolitisk handlingsplan. Ved utarbeiding av gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan var det eit forsøk på å få like skjenketider i dei sju kommunane. Dette første ikkje fram og det er i dag forskjellige skjenketider i fleire av kommunane. For skjenketid i helgene har alle kommunane hatt skjenketid som har opphørt klokka 02.00 bortsett frå Herøy som har hatt itl klokka 02.30. Det blir ikkje gjort eit nytt forsøk på like skjenketider, men kommunedirektøren har fått tilbakemelding frå skjenkestadar om at det er krevjande å ha ulik skjenketid på uteareal og inneareal. I Volda kommune har det tidlegare blitt praktisert lik tid inne og ute, men dette vart endra av kommunestyret då førre plan vart vedtatt. Då vart det bestemt at Volda skulle ha same skjenketid som Ørsta kommune. Slik planen er lagt fram kan ein gje lik skjenketid ute "For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjener".

### **4.2.3 - Vilkår (ved einskildhøve)**

Det er føreslått å ta inn eit nytt punkt om at skjenkestyrar skal ha anten kunnskapsprøve eller digitalt kurs i ansvarleg vertskap ved større arrangement. Dette er for å sikre eit trygt uteliv og trygge arrangement. Digitalt kurs i ansvarleg vertskap er eit lågterskeltilbod for å bidra til eit trygt og hyggeleg uteliv. Det tek 2-3 timer å gjennomføre og kostar per i dag kr. 200,- per deltar.

### **4.4.2 - Dokumentasjon (for skjenkeløyve)**

Fellesforbundet Møre og Romsdal og LO i Møre og Romsdal har sendt brev til kommuner i Møre og Romsdal med ei oppfordring om å sette krav til allmenngjort minstelønn ved tildeling av skjenkeløyve.

Statsforvaltaren i Agder konkluderte i vedtak av 26. februar 2021 med at det ikkje var lovleg å stille vilkår om krav til minstelønn for dei tilsette, verken etter serveringslova eller alkohollova (sjå vedlegg).

Helse- og omsorgsepartementet har i brev av 15. november 2023 til Oslo kommune uttala seg om tarifflønn og alkohollova. Departementet viser til at alkohollova på generelt grunnlag ikkje bør brukast til å ivareta andre føremål enn å avgrense skadeverknadane av alkohol.

Utgangspunktet er difor at det ikkje er høve til å vektlegge brot på kravet om allmenngjort lønn dersom dette ikkje skjer av reine alkoholpolitiske omsyn. Departementet viser likevel til at kommunen kan vektlegge brot på minsteløn i vurdering av om skjenkeløyve skal verte gitt, men då som eitt av fleire moment som indikerer useriøs og uforsvarleg drift, jf. alkohollova § 1-7a. Føresetnaden er at dette har "en klar alkoholpolitisk begrunnelse".

Det er likevel framleis knytt usikkerheit til rettstilstanden rundt det å stille krav om minsteløn for eit skjenkeløyve og korleis kommunen kan sikre effektiv etterleving av eit slikt krav.

#### **4.4.3 - Uttale og 5.2.4 - Uttale**

Det er tatt inn ei spesifisering på at uttale frå sosialtenesta vil i Volda bli innhenta frå kommuneoverlege. Tidlegare har uttale vore innhenta frå NAV Volda og Ørsta som ikkje har følt dei er ein naturleg uttale-part i slike saker.

#### **5.1.1 - Varegruppe 1 - Salsløyve**

Punktet "nettbutikkar med verksemdsadresse utanfor kommunen" har blitt flytta frå døme på kven som kan selje alkohol gruppe 1 til oversikt over kven det ikkje blir gitt salsløyve til. I noverande periode har ei verksemd basert i Oslo søkt om salsløyve for nettbutikk i Volda kommune og fått avslag på dette. Grunngjevinga for avslag har vore manglande moglegheit for å foreta kontroll både med sal, utlevering og verksemda. Det er også tatt inn eit forklarande avsnitt om bakgrunnen for dette i planen.

Det vert tatt inn eit nytt punkt over kven det ikkje vert gitt salsløyve til - ubetente butikkar. Helsedirektoratet sendte 22. oktober 2023 brev til alle kommunar som gjeld problemstillingar knytt til korleis sal frå ubetente kasser og butikkar kan oppfylle alkohollovgivinga sine reglar om alderskrav, tidsgrenser og forbodet mot sal til openbart påverka personar. I Uttales konkluderer direktoratet med at sal av alkohol frå ubetent butikk ikkje er i samsvar med regelverket og det vert også stilt krav til korleis slikt sal kan skje frå ubetente kasser i betente butikkar.

Vidare er det foreslått å ta inn eit nytt punkt om salsløyve ved einskildhøve og at dette kan seljast på til dømes eit avgrensa areal på eit messeområde. Volda kommune har ikkje tidlegare hatt søknadar om slikt sal, men dette vert stadig meir utbreidd og Volda kan vente å få inn slike søknadar. Eit nytt punkt 5.1.5 om slikt løyve er også tatt med. Om det ikkje er ønskeleg å opne for løyve for slikt sal bør det leggast inn i oversikta over kven det ikkje blir gitt salsløyve til i punkt 5.1.1 i staden.

#### **5.1.3 - Salstider**

Setning om at det er lov å selje alkohol valdagen er foreslått tatt vekk. Forbodet mot sal av alkohol på valdagen opphørde i 2015 og verkar ikkje naudsyn å nemne lengre.

#### **5.1.4 - Vilkår salsløyve**

Helsedirektoratet sendte 22. oktober brev til alle kommunar som gjeld problemstillingar knytt til korleis sal frå ubetente kasser og butikkar kan oppfylle alkohollovgivinga sine reglar om alderskrav, tidsgrenser og forbodet mot sal til openbart påverka personar. I uttales konkluderer direktoratet med at sal av alkohol frå ubetent butikk ikkje er i samsvar med regelverket og det vert også stilt krav til korleis slikt sal kan skje frå ubetente kasser i betente butikkar.

Helsedirektoratet sitt brev 22. oktober 2023 har betenklegheiter mot korleis sal av alkohol via ubetente kasserer sikra at ikkje skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år. Kommunedirektøren foreslår difor at salsstadar med ubetente kasser må sende inn dokumentasjon på rutiner for korleis salsstaden kontrollerar at sal av alkohol i ubetente kasser ikkje skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år.

Fleire av salsstadane i Volda har i dag sal av alkohol frå ubetente kasser. Dei har ikkje søkt Volda kommune om løyve til sal av alkohol gjennom slike kasser sjølv om dette skjer i dag.

### **8 - Sals- og skjenkegebyr**

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om skjenkeløyve til einskildhøve er ikkje endra, sakshandsamingsgebyr ved søknad om salsløyve til einskildhøve er tatt inn som nytt punkt med eit gebyr på kr. 400,- og kr. 150,- per påfølgande dag. Miminumsgebyret for sal er

omlag ein tredjedel av minimumsgebyret for skjenking i alkoholforskriften. Gebyra for einskildhøve er difor satt i eit liknande forhold mellom sal og skjenking. Etter diskusjon med andre kommunar på Søre Sunnmøre er det også lagt inn eit forslag om å redusere gebyret for tidsavgrensa løyve. Det har ikkje kome inn ynskje om dette frå skjenkestadane i Volda, men dette har vore aktuelt i nokre nabokommunar. Det blir derfor foreslått å ta inn i planen også for Volda kommune.

### **Vidare saksgang og høyringsinstansar**

Kommunane på Søre Sunnmøre har i samarbeid laga eit nytt forslag til alkoholpolitisk handlingsplan. Formannskapet vedtok 07.05.24 å sende planforslaget på høyring. Målet er at planen skal bli behandla i formannskapet sitt møte 11. juni og vedtakast av kommunestyret 20. juni 2024.

Utkastet vert lagt ut på kommunen sine nettsider og sendt til mellom anna følgande høyringsinstansar:

- Sals- og skjenkestadane i kommunen
- Møre og Romsdal politidistrikt
- NAV Volda og Ørsta
- Volda Næringsforum
- Volda kommune ved kommuneoverlege, sektor for samfunnsutvikling, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

### **Val av fornyingsprosess**

Alkohollova har reglar som gjer at den enkelte kommune kan vedta at gjeldande løyve ikkje skal opphøyre, men skal løpe vidare i ei ny periode på fire år. Ved fornying av løyve i 2020 behandla Volda kommune alle sals- og skjenkeløyve på nytt.

Kommunedirektøren vil føreslå at gjeldande salsløyve skal løpe vidare i ei ny fireårsperiode, etter ei forenkla behandling der ein går gjennom kvart salsløyve og ser på om dei ansvarlege for løyvet framleis er tilsett på staden og at vilkåra for løyvet er ivaretake.

Vidare vert det føreslått at gjeldande skjenkeløyve ikkje skal løpe vidare i ei ny fireårsperiode. Skjenkestadane må då søke om løyve for ei ny fireårsperiode.

Fleire kommuner på Søre Sunnmøre vil truleg la gjeldande sals- og skjenkeløyve bli fornya utan nye søknader. Ved neste rullering av alkoholpolitisk handlingsplan vil vi kunne hauste av erfaringane frå våre nabokommunar og sikre at ei eventuell framtidig endring i Volda kommune vert best mogleg både for kommunen og næringslivet.

Dersom kommunen vedtek at eksisterande sals- og/eller skjenkeløyve skal gjelde vidare for ei ny periode bør ein vedta retningslinjer for saksbehendling. Ein bør legge inn føresetnadar for forlenging av løyve utan søknadshandsaming. Dette kan vere at sal- og skjenkestaden ikkje har hatt vesentlege avvik, at løyvehavar og personar med vesentleg innflytelse på verksemda må ha utvist uklanderleg vandel etter alkoholloven § 1-7b og at sal- og skjenkestaden ikkje ønsker endringar på eksisterande løyve.

Salsstadar med ubetente kasser må dokumentere dei har rutiner for kontroll av alkoholsal i ubetente kasser ikkje skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år.

Kommunedirektøren bør få mynde til å treffe enkeltvedtak om slik forlenging for kvart enkelt sals- og/eller skjenkeløyve innan utgangen av løyveperioden, 30. september, til dei sal- og skjenkestadane som oppfyller krava.

### **Vurdering og konklusjon:**

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Sjå punktet om folkehelse og

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ikkje vurdert i denne saka

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Det er viktig å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge

Rune Sjurgard  
Kommunedirektør

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Sals- og skjenkestadane i Volda kommune  
Politiet  
Securitas  
Kunngjering på heimesida